



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
007/22	Formannskapet	20.01.2022
003/22	Kommunestyret	17.02.2022

Vedtak om eitt-stegsløyve til grunnarbeid på gbnr. 431/2, 431/1, 431/11, 431/10 og 431/3, Engebø

Vedtak i Kommunestyret 17.02.2022:

Det vert gjeve eitt-stegsløyve til grunnarbeid, sjøutfylling, rassikring, veg og landskapsutforming på gnr. 431 og bnr. 1, 2, 3, 10 og 11 med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 21-4. Løyve vert gjeve i samsvar med søknad datert 05.10.2021, situasjonsplan datert 29.09.2021, teikningar datert 29.09.2021 og på følgjande vilkår:

1. Generelle føresetnader vert følgt. Generelle føresetnader/vilkår går fram av saksutgreiing datert 12.01.2022.
2. Før oppstart av arbeid skal det ligge føre ein plan/avtale på korleis jordmassane skal handterast.
3. Dersom automatisk freda kulturminne blir påvist under arbeidet og desse kan bli ramma av tiltaket, må arbeidet straks stoppast og det skal gjevast melding til kulturvernstyresmakta - p.t. fylkeskommunen, ev (i sjø) Stiftinga Bergen Sjøfartsmuseum. Byggjearbeidet må i så fall ikkje takast opp att før området er undersøkt og frigjeve. Brot på desse føresetnadene vil vere i strid med reglane i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Dokumenttilsyn

Kommunen vil med heimel i pbl § 25-1 gjennomføre dokumenttilsyn av prosjektert arbeid. Kommunen ber om dokumentasjon på prosjektering av skredvoll. Frist for innsending av dokumentasjon vert sett til: **28.02.22**.

Innstilling frå Formannskapet 20.01.2022:

Det vert gjeve eitt-stegsløyve til grunnarbeid, sjøutfylling, rassikring, veg og landskapsutforming på gnr. 431 og bnr. 1, 2, 3, 10 og 11 med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 21-4. Løyve vert gjeve i samsvar med søknad datert 05.10.2021, situasjonsplan datert 29.09.2021, teikningar datert 29.09.2021 og på følgjande vilkår:

1. Generelle føresetnader vert følgt. Generelle føresetnader/vilkår går fram av saksutgreiing datert 12.01.2022.
2. Før oppstart av arbeid skal det ligge føre ein plan/avtale på korleis jordmassane skal handterast.
3. Dersom automatisk freda kulturminne blir påvist under arbeidet og desse

kan bli ramma av tiltaket, må arbeidet straks stoppast og det skal gjevast melding til kulturvernstyresmakta - p.t. fylkeskommunen, ev (i sjø) Stiftinga Bergen Sjøfartsmuseum. Byggjearbeidet må i så fall ikkje takast opp att før området er undersøkt og frigjeve. Brot på desse føresetnadene vil vere i strid med reglane i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Dokumenttilsyn

Kommunen vil med heimel i pbl § 25-1 gjennomføre dokumenttilsyn av prosjektert arbeid. Kommunen ber om dokumentasjon på prosjektering av skredvoll. Frist for innsending av dokumentasjon vert sett til: **28.02.22**.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det vert gjeve eitt-stegsløyve til grunnarbeid, sjøutfylling, rassikring, veg og landskapsutforming på gnr. 431 og bnr. 1, 2, 3, 10 og 11 med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 21-4. Løyve vert gjeve i samsvar med søknad datert 05.10.2021, situasjonsplan datert 29.09.2021, teikningar datert 29.09.2021 og på følgjande vilkår:

1. Generelle føresetnader vert følgt. Generelle føresetnader/vilkår går fram av saksutgreiing datert 12.01.2022.
2. Før oppstart av arbeid skal det ligge føre ein plan/avtale på korleis jordmassane skal handterast.
3. Dersom automatisk freda kulturminne blir påvist under arbeidet og desse kan bli ramma av tiltaket, må arbeidet straks stoppast og det skal gjevast melding til kulturvernstyresmakta - p.t. fylkeskommunen, ev (i sjø) Stiftinga Bergen Sjøfartsmuseum. Byggjearbeidet må i så fall ikkje takast opp att før området er undersøkt og frigjeve. Brot på desse føresetnadene vil vere i strid med reglane i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Dokumenttilsyn

Kommunen vil med heimel i pbl § 25-1 gjennomføre dokumenttilsyn av prosjektert arbeid. Kommunen ber om dokumentasjon på prosjektering av skredvoll. Frist for innsending av dokumentasjon vert sett til: **28.02.22**.

Bakgrunn for saka

I søknad av 05.10.2021 søker ansvarleg søker, Asplan Viak AS, på vegne av tiltakshavar Nordic Rutile AS, om eitt-stegsløyve til grunnarbeid, sjøfylling, rassikring, veger og landskapsutforming.



Figur 1 Illustrasjon

Det vert søkt om følgjande:

- Dispensasjon frå § 12-4 «Rettsvirkning av reguleringsplan» for plassering av skredvoll innanfor regulert veg, o_SKV
- Grunnarbeid/landskapsutforming innanfor BKB1 og BKB2 i reguleringsplanen
- Interne vegar
- Sjøutfylling

Saksopplysningar

Tiltak: grunnarbeid
 Byggjestad: Gbnr: 431/2
 Tiltakshavar: Nordic Rutile AS
 Ansvarleg søkjar: Asplan Viak AS Avd Kristiansand
 Gjeldande plan: Detaljreguleringsplan Engebø, planid 4647-143320180049

Ansvarsrettar i tiltaket

Viser til gjennomføringsplan datert 05.10.2021 om ansvarsrettar i tiltaket.

Nabotilhøve og andre kommentarar

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Naboar/tverrbuarar til eigedomane som det vert søkt om grunnarbeid på, er også eigedomane som er involvert i søknaden. Vi finn difor å kunne gjere unntak frå varslingsplikta, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 21-3, 2.ledd.

Uttale frå anna mynde

Det ligg føre avtale, datert 24.11.2021, mellom Vestland Fylkeskommune og Nordic Rutile AS om etablering av to avkøyrsløse og om diverse tiltak langs eksisterande fv. 611.

Vurdering


1. Forklaring av føresegningsområde #8

I vedtak av 07.07.2021 vart det gjeve løyve til endring av Detaljreguleringsplanen Engebø, der det vart innført eit føresegningsområde #8 langs med, og ovanfor noverande fylkesveg 611. Føresegningsområde #8 gjeld første byggsteg av BKB1, og det omfattar:

- Eksisterande fv. 611 og rom for mogleg utviding av denne. Langs vegen skal det, på ein høveleg stad, leggjast til rette for oppstilling av brannbil.
- Byggegrense langs eksisterande fv. 611 (15 meter frå vegmidte).
- Skredsikring av BKB1. Kan førast opp inntil 15 meter frå vegmidte.
- Avkøyrslar
- Interne vegar
- Parkeringsplassar
- Rigg- og anleggsområde
- Bru (transportband) over eksisterande fylkesveg. Mellom køyrebanda i fylkesvegen og brua skal det vere fri høgde på min. 6,2 meter.


Ved oppstart av andre byggsteg vil føresegningsområdet #8 bli oppheva, og området skal ha den arealbruken som elles går fram av plankartet.

Plankart, revidert 01.07.2021:



Figur 2 Plankart, revidert 01.07.2021

Illustrasjonsplan datert 01.07.2021 som gjeld første byggsteg i samsvar med føresegningsområde #8:




Figur 3 Illustrasjonsplan datert 01.07.2021


2. Dispensasjon frå § 12-4 «Rettsvirkning av reguleringsplan» for plassering av skredvoll innanfor regulert veg, o_SKV

Det vert søkt om dispensasjon for plassering av skredvoll i regulert veg, o_SKV. Regulert veg o_SKV er det som vil bli den nye fylkesvegen (fv.611), sjå figur 2 som viser regulert veg o_SKV. I § 7.8 i føresegnene for reguleringsplanen så står det at føresegningsområde #8 gjeld for første byggesteg av BKB1. Det betyr at illustrasjonsplanen, som vist i figur 3, er plankartet som er gjeldande for tiltaka som det vert søkt om no. I denne illustrasjonsplanen ligg ikkje regulert veg, o_SKV, inne, og kjem difor ikkje i konflikt med omsøkt skredvoll.

Sjå på figur 4, det grønne området er planlagt skredvoll og den blå stipla linja med raud markering er den regulerte vegen, o_SKV. Sjå figur 5 som viser planlagt skredvoll i illustrasjonsplanen, her ligg ikkje den regulerte vegen o_SKV. Omsøkt skredvoll er difor i samsvar med illustrasjonsplanen og føresegna § 7.8, slik at det ikkje er naudsynt med dispensasjon.




Figur 4 Del av skredvoll plassert innanfor regulert veg, o_SKV. Grønt området er skredvoll og blå stiplt linja med raud markering er regulert veg, o_SKV.



Figur 5 Reguleringskart for føresegningsområde #8 der skredvoll er i samsvar med planen

3. Grunnarbeid/landskapsutforming innanfor BKB1 og BKB2 i reguleringsplanen




Figur 6 Utsnitt frå situasjonsplan

BKB1 er regulert til industri/lager og prosessområdet på Engebø. I dette området er det tillate med naudsynte bygningsmasse og installasjonar for produksjon av rutil og andre produkt knytt til mineralressursen frå Engebøfjellet. Det vert søkt om grunnarbeid av området som inneberer sprenging, fylling, skjeringar, murar, interne vegar, parkeringsplassar. I reguleringsplanen så er det krav om at området BKB1 skal opparbeidast med «pallar», planerte område der den høgaste plasserte pallan kan liggje på kote +35. I søknaden kjem det fram at høgaste plasserte planerte området ligg på kote +22 som er godt innanfor maks kravet på kote +35. Dette er i samsvar med reguleringsplanen. BKB2 er regulert til «kombinert bebyggelse og anleggsformål». Her kan det plasserast sedimenterings-basseng m.m. for handsaming av overvatn frå dagbrotet, gruva og eventuelt frå gråbergdeponiet. Det vert søkt om grunnarbeid av området som inneberer plassering av avkøyrsel til fv.611, parkeringsplassar, intern veg, fylling.

For begge områda er det krav om plan for istandsetjing og beplantning av uteareala. Det ligg føre notat datert 28.09.2021 og landskapsplan datert 14.09.2021 som skildrar korleis landskapsutforminga skal utførast.


4. Interne vegger




Figur 7 Utsnitt av situasjonsplan, intern veg markert med raud strek langs vegen

Det er planlagt interne vegger som vist på utsnittet over. Den interne vegen skal ha avkøyrsløse frå fv. 611. Frå reguleringsplanen § 7.8 punkt d er det krav om at teknisk detaljplan for offentlig vegareal innanfor føresegningsområde #8 skal vere godkjent av vegmynde. Det ligg føre gjennomføringsavtale, datert 24.11.2021 med Vestland fylkeskommune. Avtalen gjeld etablering av to avkøyrsløse og diverse tiltak langs eksisterande fv. 611 i samband med Engebøprosjektet.

5. Sjøutfylling



Figur 8 Utsnitt av situasjonsplan, sjøutfylling




Figur 9 Utsnitt frå plankart som viser områda BAA2 og VHS som det er planlagt sjøutfylling

Sjøutfylling er i område BAA2 og VHS i reguleringsplanen. BAA2 er industri, lager og samferdsområde og vestre del av området skal fyllast opp og planerast med tanke på bruk til næringsverksemd, trafikkareal, lager og kaianlegg. VHS er hamneområde i sjø, her kan område nyttast til fylling under vatn ved oppbygging av landarealet i BAA2.

For området BAA2 så er det krav om at området skal ha planeringshøgde på minimum 4,0 meter. I søknaden kjem det fram at området skal ha ei kote +4 som er i samsvar med kravet.

6. Rassikring



Figur 10 Utsnitt frå situasjonsplan, skredvoll nord for fylkesvegen

Planområdet ligg innanfor faresone for skred med årleg sannsyn 1/1000 og 1/5000 og det difor krav om skredsikring. I rapport datert 25.03.2021 for skredsikring av prosessområde er det gjort vurderingar for plassering av skredvollen for å sikre mot steinsprang. Planlagt plassering av skredvollen er i samsvar med rapporten.

Kommunen vil med heime i pbl kapittel 25 gjennomføre dokumenttilsyn av prosjektert arbeid. Kommunen ber om dokumentasjon på prosjektering av skredvollen.

7. Felles for tiltaka

A Kulturminne

Frå føresegn § 0.4 er det krav om at dersom automatisk freda kulturminne blir påvist under arbeidet og desse kan bli ramma av tiltaket, må arbeidet straks stoppast og det skal gjevast melding til kulturvernstyresmakta – p.t. fylkeskommunen, ev. (i sjø) Stiftinga Bergen Sjøfartsmuseum. Bygggearbeidet må i så fall ikkje takast opp på nytt før området er undersøkt og frigjeve. Brot på

desse føresetnadene vil vere i strid med reglane i Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne. Ansvarleg søkjar skriv at det er utført arkeologiske undersøkingar innanfor tiltaksområdet.

B Matjord

Før utbygging av areal med matjord, så skal jorda takast vare på og flyttast til ein høveleg stad der den kan nyttast til vekstmedium for jordbruksproduksjon. Matjord bør handterast slik som skildra i rettleiaren frå NIBIO og Norsk Landbruksrådgiving (2018).

Før oppstart av arbeid så skal det ligge føre ein plan/avtale på korleis jordmassane skal handterast.

8. Kommunen sin samordningsplikt

Etter plan- og bygningslova § 21-5 kan kommunen vente med å avgjere saka inntil det ligg føre avgjersle eller samtykke frå anna mynde. Det ligg føre løyve frå Direktoratet for mineralforvaltning og Miljødirektoratet. Desse løyva har blitt klaga på, men det er ikkje gjeve oppsettande verknad for løyva etter forvaltningslova § 42. Klagen på løyve frå miljødirektoratet knytt til forurensingslova vart avvist av miljøverndepartementet 23.11.2021.

Generelle føresetnader for vedtak

Sunnfjord kommune har følgjande generelle vilkår for løyve:

1. Løyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gang innan 3 år. Det same gjeld dersom tiltaket stoppar i lenger tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9, 1. ledd.
2. Før bruk skal kommunen ha gitt bruksløyve eller ferdigattest, etter skriftleg førespurnad frå ansvarleg søkar, jf. pbl § 21-10.
3. Bygningen/ tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet gjeld.
4. Det må førast naudsynt kontroll, slik at tiltaket ikkje strir mot reglar gitt i eller i medhald av pbl.
5. Dersom det vert skifte av tiltakshavar eller ansvarshavande før tiltaket er fullført, skal det meldast til kommunen både av den som først hadde tiltaket og den nye. Det same gjeld ved skifte av eigar, jf. pbl § 23-2.
6. Reglane om minsteavstand til nabogrense, kraftleidningar, kablar, vass- og avlaupsleidningar, må etterkomast. Kjem tiltaket for nær desse, kan det føre til krav om omlegging, ev. flytting/ riving.

Sunnfjord kommune gjer merksam på at alle opplysingar i høve bygningar vert ført i matrikkelen.

Klagerett

Dette brevet er å rekne som eit enkeltvedtak som du kan klage på innan tre veker i samsvar med forvaltningslova § 28. For meir informasjon om din klagerett sjå [Klage på vedtak i byggesak](#) på heimesida til kommunen.

Førde, den 12.01.2022

Ole John Østenstad
kommunedirektør

Odd Harry Strømsli
einingsleiar

Behandling i folkevalde organ:

Behandling i Kommunestyret 17.02.2022:

Framlegg om utsetting, fremja av Helge Robert Midtbø (AP):

Saka blir med heimel i pbl § 21-5 utsett inntil klagesakshandsaming av driftskonsesjonen i Næringsdepartementet er avgjort.

Fellesframlegg om byggje- og deleforbod (MDG, V, SV og Raudt), fremja av Marius Dalin (MDG):

Med heimel i PBL §13-1 varslast det om midlertidig forbod mot tiltak, sokalla byggje- og deleforbod. Kommunestyret konstaterer at det er store endringar i prosjektet. Kommunestyret vil følgje opp tidlegare vedtak frå 12.11.2019 der det mellom anna står: «Sunnfjord kommune støttar mineralutvinning på Engebøfjellet, og full utnytting av ressursane for å unngå bruk av sjødeponi.»

Midlertidig forbod mot tiltak vert grunngeve med:

Det er trong for ein ny, uavhengig vurdering av om gruvedrifta på Engebø bør gjen---nomførast som planlagd

Botnforholda der det er tenkt utfylling i sjø må kartleggast betre, med ein fullverdig marinbiologisk kartlegging og risikoanalyse. Reguleringsplanen må oppdaterast tekstleg under bruk og vern i sjø når dette er gjort.---

Søkjær vert varsla om byggje- og deleforbod innan byggjesaksfristen, og formannskapet får saka til handsaming innan 8 veker etter at byggjesaksfristen er gått ut.

Habilitetsvurdering:

Steinar Kvame (H) bad om habilitetsvurdering som følge av eigenskap i selskapet H. Kvame AS (2,75 %), det selskapet eig 20 % av selskapet Sunnfjord Industripartner som skal utføre grunnarbeidet i saka. Far eig 3,33 % i Sunnfjord industripartner, og er styreleiar.

Eit samrøystes kommunestyre erklærte Kvame som inhabil jf. fvl. § 6 andre ledd.

Kvame gjekk frå behandlinga, Britt Kyrkjebø Aarbergsbotten (H) møtte som vara.

Gunn Merete Paulsen (V) bad om habilitetsvurdering som følge av at ho er partner i Pwc som har nære kunder som har openbar kontraktsinteresse for utbygginga. Paulsen kjenner seg sjølv inhabil.

Eit samrøystes kommunestyre erklærte Paulsen som inhabil jf. fvl. § 6 andre ledd.

Paulsen gjekk frå behandlinga, Anne Mette Hjelle (V) møtte som vara.

Avrøysting om utsettingsframlegg:

AP sitt framlegg **fall** med 19 mot 26 røyster (SP, H, KRF, Navelsaker, Helgheim, Myrvang)

Alternativ avrøysting:

Formannskapet si innstilling fekk 32 røyster og **vart vedteke**

MDG, V, SV og R sitt framlegg fekk 13 røyster (MDG, V, SV, R, Valle, Kapstad, Tveit, Farsund) og **fall**

KST-003/22 Vedtak:

Det vert gjeve eitt-stegsløyve til grunnarbeid, sjøutfylling, rassikring, veg og landskapsutforming på gnr. 431 og bnr. 1, 2, 3, 10 og 11 med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 21-4. Løyve vert gjeve i samsvar med søknad datert 05.10.2021, situasjonsplan datert 29.09.2021, teikningar datert 29.09.2021 og på følgjande vilkår:

1. Generelle føresetnader vert følgt. Generelle føresetnader/vilkår går fram av saksutgreiing datert 12.01.2022.
2. Før oppstart av arbeid skal det ligge føre ein plan/avtale på korleis jordmassane skal handterast.
3. Dersom automatisk freda kulturminne blir påvist under arbeidet og desse kan bli ramma av tiltaket, må arbeidet straks stoppast og det skal gjevast melding til kulturvernstyresmakta - p.t. fylkeskommunen, ev (i sjø) Stiftinga Bergen Sjøfartsmuseum. Byggjearbeidet må i så fall ikkje takast opp att før området er undersøkt og frigjeve. Brot på desse føresetnadene vil vere i strid med reglane i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Dokumenttilsyn

Kommunen vil med heimel i pbl § 25-1 gjennomføre dokumenttilsyn av prosjektert arbeid. Kommunen ber om dokumentasjon på prosjektering av skredvoll. Frist for innsending av dokumentasjon vert sett til: **28.02.22**.

Behandling i Formannskapet 20.01.2022:

Framlegg om byggje- og deleforbod (MDG, SV), fremja av Marius Dalin (MDG):

Det vert lagd ned byggje- og deleforbod med heimel i PBL § 13-1. Det har vore store endringar som gir endra føresetnader for mineralverksemda på Engebø. Formannskapet ber om at reguleringsplanen for området kjem opp så snart som råd, med formål å få inn følgjande politiske intensjonar som rekkefølgjekrav i planen.

Følgjande vilkår må takast omsyn til:

Driftskonsesjon er endeleg godkjend i departementet

Finansiering av full drift av mineralprosjektet er sikra, subsidiært at det er sett av tilstrekkelege midlar til full restaurering av landskapet dersom prosjektet ikke vert realisert. Rettane til ressursane i Engebøfjellet er endeleg avklara

Saka vert utsett. Søkjar vert varsla om byggje- og deleforbod innan byggjesaksfristen, og formannskapet får saka til handsaming innan 8 veker etter at byggesaksfristen er gått ut.

Habilitetsvurdering:

Steinar Kvame (H) bad om habilitetsvurdering som følge av eigenskap i selskapet H. Kvame AS (2,75 %), det selskapet eig 20 % av selskapet Sunnfjord Industripartner som skal utføre grunnarbeidet i saka. Far eig 3,33 % i Sunnfjord industripartner, og er styreleiar.

Eit samrøystes formannskap erklærte Kvame som inhabil jf. fvl. § 6 andre ledd.

Kvame gjekk frå behandlinga, Norunn Lunde Furnes (KRF) møtte som vara.

Gunn Merete Paulsen (V) bad om habilitetsvurdering som følge av at ho er partner i Pwc som har nære kunder som har openbar kontraktsinteresse for utbygginga. Paulsen kjenner seg sjølv inhabil.

Eit samrøystes formannskap erklærte Paulsen som inhabil jf. fvl. § 6 andre ledd.

Paulsen gjekk frå behandlinga, Laila Vilnes Helgheim (H) møtte som vara.

Alternativ arøysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk 9 røyster (SP, H, KRF, AP) og **vart vedteke** MDG og SV sitt framlegg fekk 2 røyster (SV, MDG) og **fall**

Mindretalstanke

Åsmund Berthelsen (SV) og Marius Dalin (MDG) leverte ei signert mindretalsanke i møtet. I samsvar med reglementet for folkevalde organ i Sunnfjord kommune blir saka lagt fram for kommunestyret for endeleg avgjerd.

FORM-007/22 Vedtak:

Det vert gjeve eitt-stegsløyve til grunnarbeid, sjøutfylling, rassikring, veg og landskapsutforming på gnr. 431 og bnr. 1, 2, 3, 10 og 11 med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 21-4. Løyve vert gjeve i samsvar med søknad datert 05.10.2021, situasjonsplan datert 29.09.2021, teikningar datert 29.09.2021 og på følgjande vilkår:

1. Generelle føresetnader vert følgt. Generelle føresetnader/vilkår går fram av saksutgreiing datert 12.01.2022.
2. Før oppstart av arbeid skal det ligge føre ein plan/avtale på korleis jordmassane skal handterast.
3. Dersom automatisk freda kulturminne blir påvist under arbeidet og desse kan bli ramma av tiltaket, må arbeidet straks stoppast og det skal gjevast melding til kulturvernstyresmakta - p.t. fylkeskommunen, ev (i sjø) Stiftinga Bergen Sjøfartsmuseum. Byggjearbeidet må i så fall ikkje takast opp att før området er undersøkt og frigjeve. Brot på desse føresetnadene vil vere i strid med reglane i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Dokumenttilsyn

Kommunen vil med heimel i pbl § 25-1 gjennomføre dokumenttilsyn av prosjektert arbeid. Kommunen ber om dokumentasjon på prosjektering av skredvoll. Frist for innsending av dokumentasjon vert sett til: **28.02.22**.

Vedlegg i saka:

Søknad om tillatelse i ett trinn - Grunnarbeid for kommende anlegg - gbnr 431/2, 431/1, 431/11, 431/10, 431/3

3D-modell ,B200, 29.09.21.pdf

Oversiktsplan OB101, rev C-01, 14.09.21.pdf

Oversiktsplan OB102, rev C-01, 14.09.21.pdf

Situasjonsplan, B002 29.09.21.pdf

Vegplan profil, C001 29.09.2021.pdf

Vegplan tilkomst kai C002 29.09.21.pdf

VA-grøfter prosessområdet H101, rev G-01, 20.08.21.pdf

Plan og tverrsnitt F001 29.09.21.pdf

Plan og tverrsnitt F002 29.09.21.pdf

Plan og tverrsnitt F003 29.09.21.pdf

Plan og tverrsnitt F004 29.09.21.pdf

Plan og tverrsnitt F005 29.09.21.pdf

RedegjoerelseGrunnforhold_Skredsikring_ny plassering av prosessområde_25.03.21.pdf

ErklæringOmAnsvarsrett_Utførelse_ENTREPRENØRSERVICE AS.pdf

ErklæringOmAnsvarsrett_Utførelse_ENTREPRENØRSERVICE AS.pdf

ErklæringOmAnsvarsrett_Utførelse_ENTREPRENØRSERVICE AS.pdf

ErklæringOmAnsvarsrett_Prosjektering_ASPLAN VIAK AS AVD BERGEN.pdf

ErklæringOmAnsvarsrett_Prosjektering_ASPLAN VIAK AS AVD ØRSTA.pdf

ErklæringOmAnsvarsrett_Prosjektering_ASPLAN VIAK AS AVD LEIKANGER.pdf

Vedlegg i saka:

ErklæringOmAnsvarsrett_Prosjektering_ASPLAN VIAK AS AVD LEIKANGER.pdf

ErklæringOmAnsvarsrett_Prosjektering_ASPLAN VIAK AS AVD TROMSØ.pdf

ErklæringOmAnsvarsrett_Kontroll_SWECO NORGE AS.pdf

ErklæringOmAnsvarsrett_Kontroll_ASPLAN VIAK AS AVD LEIKANGER.pdf

Notat_landskap 28.09.21.pdf

Følgelbrev 05.10.21.pdf

Gjennomføringsplan.pdf

Vedleggsopplysninger.pdf

Odelsløsningssak - til orientering før kommunestyremøte 17.02.

2022-02-10 Prosesskriv med begjæring om tinglysning